



## Notat

Dato: 26.05.2014  
Arkivsak: 2014/240-10  
Saksbehandlar: hilklep

---

<b>Til:</b>	Samferdselsutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Tidstap og kostnadsauke for bussar i kø.

På møte i samferdselsutvalet 22.01.14 la Tom Skauge fram fylgjande oversendingsforslag i samband med sak 10/14, Kollektivstrategi for Hordaland - høyringsutkast.

«Administrasjonen legg fram sak med tid og kostnader som som kø på vegane gjev bussane som køyrer for Skyss.»

Sentrumskontraktane i Bergen er utforma slik at operatørane får kompensasjon for køyretida til bussane. Køyretidene vert rekna ut ein gong i året, og er tufta på eit snitt gjennom heile året. Dersom gjennomsnittleg køyretid aukar på grunn av køar, gjev dette auka kostnader for Skyss. Dersom det må setjast inn ekstrabussar, er dette og ein ekstrakostnad.

Kontraktane er oppbygde med ei timepriskostnad på mellom 825-900 kr per time. Dette gjer at forseinkingar og problem med framkome kan gje auka kostnadar.

Det er vanskeleg å estimere kva bussar som står i kø kostar. Dersom alle avgongane i sentrumkontraktane vert seinka med eitt minutt, vil det gje ein teoretisk auka kostnad på om lag 18 millionar kroner årleg. Der Skyss ser at operatørane kan dokumentera auka køyretid over tid grunna uforutsette problem med framkome, vert rutene justerte for å gje bussane litt meir tid. Skyss gjev ikkje kompensasjon for einskildeepisodar,- det er operatøren sin risiko.

Ein ser no ei forbetring i trafikken, med tanke på køar og fortetting. Nytt kollektivfelt på Sotravegen og Eikåstunnelen i Åsane er og lyspunkt som heilt klart vil gje meir flyt i trafikken.

